

Vaksdal kommune  
Konsul Jebsens gate 16  
5722 DALEKVAM



Vår ref.: 15/00399-8

Deres ref.:

Bergen, 07.12.2015

## Høring - BIR Avfalls og ressursstrategi (2016-2020)

Styret i BIR AS godkjende 26.11.2015 at utkastet til avfalls- og ressursstrategi for perioden 2016-2020 skal sendast eigarkommunane for politisk uttale.

### Om strategien

Avfalls- og ressursstrategien omfattar dei lovpålagte oppgåvene som BIR utfører på vegne av eigarkommunane. Strategien er utarbeida av BIR AS i samarbeid med BIR Privat, BIR Avfallsenergi, BIR Transport og BIR Nett. Eigarkommunane har vore involvert i arbeidet gjennom koordineringsgruppa, der alle kommunane er representert på administrativt nivå.

Avfalls- og ressursstrategien er ein overordna strategi som gir retning for arbeidet med hushaldsavfallet i BIR dei neste fem åra. I strategienn er det formulert fire strategiske grep og 16 konkrete mål, som bygg opp under dei strategiske grepa.

I høve til tidligare avfallsplaner i BIR omhandlar denne strategien i mindre grad kva konkrete tiltak som skal setjast i verk for å nå måla. Dette skal avklarast nærare i handlingsplanar i dei ansvarlege selskapa.

Avfalls- og ressursstrategien inngår som ein del av BIRs overordna strategiplan og byggjer opp under de føringane som der er gitt.

### Høring

Strategien sendast BIR kommunane for uttale på politisk nivå. Den vert også lagt på vår heimeside slik at andre får høve til å uttale seg.

Innkomne merknadar vert innarbeida, før styret i BIR AS vedtar ein endeleg og felles avfalls- og ressursstrategi for hushaldsavfallet for heile BIR.

Vi ber om uttale før **1. april 2016**

Med vennlig hilsen

  
Toralf Igesund  
FOU-sjef

Vedlegg: Avfalls-og ressursstrategi for BIR (2016-2020)